

Kyrkje og kultur i Sirdal



Altartavlene våre:
Kvævemoen kapell

Side 4-5

Påske i Sirdal

Side 6 og 8

Kultursidene

Side 18-28

Pippi sin påskesang

«Og jula varer helt til påske! Nei det er ikke sant, nei det er ikke sant. For der imellom kommer fasten!»

Det var gjennom filmen om Pippi at jeg for første gang begynte å tenke på sammenhengen mellom julefeiringen og påskehøytiden. Jeg skjønnte ikke hva fasten var, men puttet penger på den lille fastebøssen vi fikk utdelt i kirken. Vi lagde fastelavnsris og malte påskeegg på skolen. På søndagsskolen tegnet vi grønne palmegrener og den tomme graven.

Å lære påskebudskapet gjennom tegning, form og farge er viktig. Symboler fra evangeliet dryppes inn i hverdagen vår og kan skape en dypere forståelse av løftet om frelse til alle mennesker, selv om vi bare forstår det stykkevis og delt.

Fastetidens mål er å skape rom for bønn, stillhet og bibellesing. I fasten skal jeg gruble på kontrasten mellom Pippis fraværende far som seilte jorden rundt, og vitnesbyrdet om Gud vår Far som er alle steder til samme tid, og mer nærværende enn vi kan fatte.

Slik Jesus sa det selv: «Og se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende». Matt 28, 20.

God påske!

Anne Margrethe Ree Sunde
påskeprest i Øvre Sirdal

Takk!

To framifrå medarbeidarar sluttar nå sitt arbeid som tilsette i kyrkja i Sirdal. Det er Henning Huseby Jansen og Tone Marit Bjørnstad. Dei fortener begge stor takk for innsatsen, og dei har fått det lenger ut i bladet, men det er likevel grunn til å markera det her!

Henning har gjort ein stor og flott jobb innan dei mange arbeidsområda som ligg til det å vera kyrkjeverje i Sirdal. Han er ganske stillfaren, men grundig og arbeidsam, slik at ting vert ordna og kjem på plass slik dei skal. Kyrkjer og kyrkjegardar er i god stand og har fått ei rekkje forbetringar i tida hans her.

På vegne av fellesrådet har han og den viktige rolla som arbeidsgjevar med personalansvaret, og han har vore ein god sjef å ha for dei andre tilsette. Eit godt arbeidsmiljø er ein føresetnad for at verksemda skal gå godt.

Vi i redaksjonen vil spesielt takka han for det glimrande samarbeidet vi har hatt om Kyrkje og kultur i Sirdal. Denne utgåva er nr. 1 i årgang 7. Henning har vore hjå oss i fem år og har såleis hatt ansvaret for å «sy» bladet i hop for dei fleste utgåvene. Det kan han vera stolt av!

Tone Marit har på si side også gjort ein glimrande jobb både som kyrkjetenar og reinhaldar i Tonstad kyrkje. Ryddig, reint og fint og fritt for snø fram til inngangane har det alltid vore når kyrkja skal brukast, også kvardagar når det til dømes er korøvingar. Fine friske blommar har og vore på plass til gudstenesene.

Vi takkar igjen både Henning og Tone Marit og ynskjer dei lukke til vidare framover!

Lars Audun Fodstad

Kyrkje og kultur i Sirdal nr 1/2018

Utgjevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

Fire utgåver pr år.

Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven-Egil Testad og Henning Huseby Jansen.

Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

Abonnement:

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i

Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonser:

Postboks 133, 4441 Tonstad
Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

Framsida: Frå påskeandakten på Josdal i 2014.

Foto: Varde Vel si heimeside

Trykk: Synkron Media

Miljøtipset: Hald Sirdal rein!

Ei aksjonsgruppe legg til rette for ei **miljøveke** i månadsskiftet mai/juni 2018. Målet er at alle me som bur eller ferierar i Sirdal skal føla oss stolte over kor rein og fin kommunen vår er.

Skal me lukkast, er me avhengige av støtte og engasjement.

Grunneigarane har eit stort ansvar for søppel på sine eigedommar, men det er lett å sjå at dei ikkje har eineansvar. Når dei stiller eigedommen til disposisjon for løyper og stiar, vil det vera urett om me forlangar at dei skal rydda søppel langs desse. Langsmed offentlege vegar er det utfordrande å finna kven som skal halda det søppelfritt.

Denne aksjonen vil vera særleg oppteken av gammalt skrot og gamle vrak, t. d. bilar, traktorar, jordbruksutstyr, campingvogner, komfyrar, vaskemaskinar, kjøleskap o.l. Me vil sterkt oppmoda eigarane til å få slike fjerna. Er det nokon som treng hjelp til det, vil miljøaksjonen vera med å finna fram til gode løysingar. IRS vil stilla med stor bil i aksjonsveka og henta slik skrot på avtale- og oppsamlingstadar.

Det er med glede me tek mot melding om behov for hjelp som må vera meldt inn til aksjonsgruppa ved Sven Sandvik i Sirdal kommune innan 23.april.

Initiativet til aksjonen var det to enga

Sven Sandvik er deira talsmann. Han er plan- og miljøkonsulent.

Aksjonen er mellom anna støtta av kyrkja i Sirdal, skulane, barnehagane, idrettslaga og Sirdalsløyper.

Gjennom næringsforeininga har ulike



Miljøaksjonsgruppa består av frå venstre Sven Sandvik, Tor Arne Liland, Solveig Marie Ådneram, Kate Tjomlid, Magnar Undheim og Eva Tennfjord.

sjerte søppelplukkarar som tok; Eva Tennfjord og Kate Tjomlid. Så har dei fått med seg Sirdal Bygdekvinnelag (Solveig Marie Ådneram), Sirdal Næringsforeining (Steinar Skretting), Sirdal bondelag (Tor Arne Liland) og Sirdal historielag (Magnar Undheim). Sirdal kommune støttar aksjonen og

firma sagt at dei vil vera med. Det er særleg viktig at bygg- og anleggsbransjen engasjerer seg, og at avfallshandteringa er god.

Me oppmodar alle til å ta eit ekstra initiativ i løpet av desse aksjonsdagane.

Aksjonsdagar: 30. mai – 2. juni.

Tekst og foto: Miljøaksjonsgruppa



Hvordan
har du det
– egentlig?

Ring eller skriv.
Vi er her. Alltid.

Kirkens SOS

815 33 300

Altartavlene våre: *Kvævemoen kapell*

*For mange av oss er det ein vane å gå inn i kyrkjer når vi er på reiser.
Sørover i Europa kan ein bli ståande mållaus lenge og berre
ta inn alt det vakre, særleg i katolske kyrkjer.*

Her i nord er kyrkjekunst meir neddempa , likevel kan ei altertavle vera ei andeleg oppleving. I Sirdal har me fire kyrkjer frå ulike byggeår og med ulik utsmykking.

Øvst, i Kvævemoen kapell, har me ikkje malt altertavle, men ein billettvev av Else Marie Jakobsen. Den kom opp i 1984, før var der eit malt bilete.

Tittelen på kunstverket er: «Graven brast». Vi ser den oppstandne Jesus med grava bak, både grava og veven har korsform. Vi ser også dei naglemerka hendene og føtene til Jesus. Nedre del av teppet har mørkare fargar og meir dramatiske figurar. Kunstnaren brukte gjerne det for å beskriva liding, død, avgrunn. Øvre teppe- del er lysare rundt den gullfarga glorien. Her er og somarfulgar som symboliserer det nye liv og kvite duer som i kyrkja er symbol på Den heilage Ande. Noko av det



Tittelen på altarteppet i kapellet er «Graven brast».

vakre er at kvar enkelt som ser altarteppet, gjerne oppdagar nye ting som ein kjenner att i eige liv.

«Ulltepper» som kyrkjekunst?

I starten var ikkje alle samde om at «ulltepper» kunne brukast til kyrkjekunst og konkurrera med maleria. Enkelte av kyrkja sine leiande menn på 60-talet såg på vevnad som brukskunst, ikkje til kyrkjeutsmykking. Else Marie Jakobsen fortel at det derfor gjorde godt ved innviinga i Varden kyrkje, der

*«Tydelegare arbeidsinstruks kan vel ikkje
mange ha.»*

denne diskusjonen gjekk høgt, å lesa frå 2. Mosebok der Gud befalte Moses: «*Tabernaklet skal du gjera av ti tepper av fint, tvunne lingarn og blå, purpurraud og karmosinraud ull; du skal gjera dei med kjerubar på, i kunstveving*» Tydelegare arbeidsinstruks kan vel ikkje mange ha.

Tilknytning til staden

Altarteppa åt kunstnaren har gjerne ei tilknytning til kyrkja og landsdelen dei tilhøyrer. I sjømannskyrkja i Dubai er altarteppet hav, fiskegarn, tankbåt, kors, anker og hjarte, teppet heiter: «Guds menighet.»

I Borge kyrkje i Lofoten heiter teppet:



«Jesus i nordlys», Borge kyrkje i Lofoten.

«Jesus i nordlys». Der er det ein sigrande Jesus som omfamnar oss, med bakgrunn av nordlys.

Også i Fevik arbeidskyrkje i Grimstad er nærleiken til havet ein referanse i val av



motiv, tittelen er: «Jesus stiller stormen».

Samstundes som kunstnaren la ned mykje innsats

og innleving i altarteppa sine, var ho oppteken av kvinnene sin kunst og kor lite den kom til uttrykk. Ho vann konkurransen om utsmykking av realfagsbygget på universitetet i Bergen. Over tre grå råbetongvegger heng no vevnaden «Den røde tråd». Her har ho vove inn den gløynde historia til kvinner frå gammalt av og fram til vår tid. Fragment i teppet syner kvinnearbeid til ulike tider. Renninga er 5250 trådar og den er synleg mellom tettvovne biletparti. Slik har ho fått fram ein viktig del av historia slik at realfagstudentar dagleg ser den og forhåpentlegvis reflekterer over den daglege dosen kunst. Her ser vi kunstnaren på ei utstilling.



Teppet heiter «vest er vest» og er hennar kommentar til det vestlege menneske som er fanga i si gullbelagte

hole, i spindelveven ho kallar materialismen si svøpe. Mennesket i hola vil ikkje bli fri, det vil berre gjera hola større og vakrare.

«Krig og fred» på Arkivet

Else Marie Jakobsen laga og store verk der ho viser historia til Vest-Agder under krigen, teppet med tittelen «Krig og fred» finn vi på Arkivet i Kristiansand. Det er så fullt av gjenkjenneleg historie at kvar skuleklasse bør få skriva ei oppgåve om teppet før dei dreg på skuletur. Kvadraturen var eit tema ho laga fleire teppe om. Ho var glad i byen sin, men då dei gjorde forandringar ho mislikte, laga ho Kvadraturteppet med store hol i. Mange offentlege bygg på Sørlandet har hennar kunst, det er verdt å kikka nærare på når ein ser dei.

Vi i Sirdal skal vera glade og stolte fordi me har det vakre altarteppet på Kvæve-moen. Difor er det spennande å finna ut meir om denne store kunstnaren. Sjå «Agderkultur» - om Else Marie Jakobsen sine bildetepper, og mykje anna om kunsten hennar.

Tekst: **Solbjørg Tjørhom**

Foto: **Lokale kyrkjekontor / privat**

Foto altarteppet i Kvævemoen kapell:

Per Magne Sinnes

Fakta om Else Marie Jakobsen

- ⇒ Fødd 1927 - død 2012
- ⇒ Budde i Kristiansand
- ⇒ Stor kunstnar, ein av Noregs største kyrkjekunstnarar
- ⇒ Ho laga 33 altartepper, frå Bodø i nord til sjømannskyrkja i Dubai i sør.
- ⇒ I Stavanger finst altartepper frå henne i Varden, Bekkefarete og Vardeneset.
- ⇒ På Sørlandet er ho representert i mange kyrkjer og andre offentlege rom.



Gudstenester og andaktar i Sirdal

PÅSKA 2018

SKJÆRTORS DAG

Kl. 10.45 Ålsheia skisenter:

Andakt. Sirdalsløpet.
Anne Margrethe Ree Sunde

Kl. 13.00 Raubestøl (Øksendalheia)

Andakt. Tore Haugom

Kl. 18.00 Tonstad kyrkje Gudsteneste med nattverd

Rolf Eriksen/Kjetil Ø.Eidevik.
Takkoffer til Institutt for
sjelesorg

Kl. 20.00 Lunde kyrkje Gudsteneste med nattverd

Rolf Eriksen/Kjetil Ø.Eidevik.
Takkoffer til misjonsprosjekt
i Ecuador (Misjonsalliansen)

LANGFREDAG

Kl. 13.00

Kvinnen Turisthytte:

Friluftsgudsteneste
Andakt. Rolf Eriksen

Kl. 18.00 Kvæemoen kapell: Familiesamling – påskevandring.

Anne Margrethe Ree Sunde
Takkoffer til Kirkens SOS

Kl. 19.30 Tonstad kyrkje:

Musikkandakt. Kjetil Ø.Eidevik.
Song, musikk og tekstlesing.



PÅSKEAFTAN

AKTIVITETSDAG KVÆEMOEN - sjå eige program

Kl. 12.00 Josdal hyttegrend

Andakt. Hanne Fodstad
Familieskirenn

Kl. 12.00 Rypekro

Andakt. Tore Haugom.
Espelidrennet

Kl. 13.30 Kvæemoen kapell

Familiesamling v/Anne Margre-
the Ree Sunde. Takkoffer til KRIK

Påskeprest i Øvre
Sirdal denne påska er
**Anne Margrethe
Ree Sunde**

1. PÅSKEDAG

Kl. 11.00 Tonstad kyrkje

Høgtidsgudsteneste
Rolf Eriksen/Kjetil Øygard
Eidevik. Korggruppe.
Takkoffer til misjonsprosjekt
i Spania (NMS)

Kl. 11.00 Kvæemoen kapell

Høgtidsgudsteneste.
Nattverd. Anne Margrethe
Ree Sunde/Oddbjørn Stak-
keland. Takkoffer til KFUK/M



2. PÅSKEDAG

Kl. 19.30

Haugom kapell

Felleskyrkjeleg gudsteneste
Rolf Eriksen/Kjetil Øygard
Eidevik. Nattverd. Takkoffer
til Israelsmisjonen
Arr. Syskenringen i Sirdal

Påskeprest i Øvre Sirdal for andre gong

Vi er svært glade for at Anne Margrethe
Ree Sunde blir påskeprest i Øvre Sirdal
også i 2018, slik ho var det i fjor.
Anne Margrethe er ordinert prest og
arbeider som personalrådgivar ved
Stavanger bispedømmekontor.



Anne Margrethe er gift og har tre barn frå
3-9 år.

Ho har mykje erfaring frå barne- og ung-
domsarbeid i KRIK, Normisjon og Misjons-
kirken Norge, og ser fram til å vere påske-
prest i Sirdal også denne påska.

**Vi ønsker Anne Margrethe og heile
familien velkommen attende!**

Sirdal Kyrkjelyd Besøksadresse:
Kyrkjesenteret, Tonstadvegen 25
4440 Tonstad
Tlf 38371600 / 97633127

Sjå www.sirdal.kyrkja.no for
oppdatert program

Gardsnamn i Sirdal: Øksendal

Øksendal er ein av dei gardane som fyrst vart busett i Sirdal. Vi veit i alle fall at det budde folk der så tidleg som omlag 400 - 500 e. Kr. Men så seint som i 1730 åra blei garden omtala som "tungvunden", med skog berre til husbehov og jord nok til å fø ein hest, 24 kyr og 40 sauer. Men etter den tid har mykje ny jord blitt lagt under plo-gen, og i dag er det 16 gardsbruk på Øksendal. Sal av livdyr og slakt saman med fiske av aure og snarefangst har frå gammalt av vore ei viktig kjelde til inntekt for folka som budde der.

Garden fekk eigen skole i 1864, telefon i 1930 og straum i 1940 frå privat elektrisitetsverk.

Skolen blei seinare , for omlag 30 år sidan, nedlagt på grunn av lågt elevtal og elevane blei overførte til skolen på Tonstad. Bilveg fekk garden først i 1942. Før det gjekk storparten av trafikken med båt på Sirdalsvatnet. Namnet vart før uttala Yksndal og har namn etter elva Yksna. Yksna tyder okse på gamalnorsk.

Det er gjort mange funn frå gammalt av på garden. Det mest kjende er nok dei to halsringane som vart funne i 1944. Dei er laga av gull og veg 430 gram og vart truleg smidd heilt attende i vikingtida. Nokre meiner at dei kan ha blitt lagt der av Astrid, mor til Olav Trygvason, som i ca år 870 måtte røma frå garden Obrestad på Jæren til Sveri-



ge og kanskje kom vegen om Virak og Øksendal.

Kjent er og saga om "Hymmennene på Øksendal". Her vert det fortalt om dei tre hymmennene (hirdmenn) som tente i livvakta til kongen i Skotland. Men for omlag 800 år sidan røva dei ein stor gull- og sølvskatt frå kongen og rømde over havet og kom til slutt til Øksendal. Sagnet fortel at eit stort kjer (tønne) som i dag stend på garden til Bergljot Øksendal Mikalsen skal ha tilhørt hymmennene. Ei undersøking med den såkalla C- 14 metoden viser at kje-ret er kring 800 år gammalt. Det skal og liggja ein stor skatt nedgraven i ura nær

garden, men denne skatten har aldri blitt funnen.

Elles heiter det frå gammalt at folka på Øksendal var særst stae og stødige folk, og då ikkje minst jentene. Dei gjorde ikkje anna enn dei sjølv ville. Difor heiter det mellom anna i gardsrimet om Øksendal:

*"Du tar aller oksa dei Øksendal,
dei løybe 'kje udan dei sjæl vill".*

Tekst: **Steinar Tjomlid**

Foto: **Sven-Egil Testad**

Familievenleg aktivitetsdag på Kvæven

Det er klart for ny aktivitetsdag på Kvævemoen **påskeaftan, 31.mars kl 12.00 - 16.00.**

Aktivitetane er varierte; dette er ein dag for både små og store.

Både fastbuande og turistar er velkomne!

På programmet står mellom anna:

- ⇒ Skirenn for barn kl.12.00-14.00, Infosenteret (kr 50,-)
- ⇒ Eggmåling for barn og vaksne, Infosenteret (kr 50,-)
- ⇒ Hundekøyring med polarhundar, golfbana 12.00-15.00 (kr 100,-)
- ⇒ Husflid på Fjellmuseet
- ⇒ Matsal: Grillmat på golfområdet. Vafler og kaffi på Infosenteret
- ⇒ Kvæven minigård er open frå 12.00-15.00. Riding, stell av dyr, snekkarverkstad med meire (kr 100,-)
- ⇒ Familiesamling utanfor kapellet kl 13.30 ved påskeprest Anne Margrethe Ree Sunde
- ⇒ Lysbildeforedrag i kapellet kl 15.00 ved Per Magne Sinnes og Magnar Undheim: **«Liv i Sirdalsheiene»**. (kr 50,- Inntektene går til bistandsarbeidet til House of Bahati)

Aktivitetsdagen vert arrangert i samarbeid mellom Sirdal sokneråd, Sirdal Huskyfarm, Kvæven minigård, Sirdal Husflidlag, Sirdal historielag, Sirdal kommune og Sirdal fjellgolf.

Kyrkja sitt program i Øvre Sirdal elles i påska:

Skjærtorsdag 29.mars kl 10.45:	Påskeandakt Ålsheia skisenter
Skjærtorsdag 29.mars kl 20.00:	Nattverdgdusteneste Lunde kyrkje
Langfredag 30.mars kl 13.00:	Friluftsgudsteneste Kvinnen turisthytte
Langfredag 30.mars kl 18.00:	Påskevandring utanfor Kvævemoen kapell
1.påskedag 1.april kl 11.00:	Påskedagsgudsteneste Kvævemoen kapell



Kirkens Nødhjelp sin årlege

FASTEAKSJON

finn stad tysdag 20.mars kl 17.00
og litt utover kvelden.

Ta godt i mot konfirmantane og andre som kjem med bøsser! Tema i år er: «Ja, vi elsker dette vannet»

Det blir ny songkveld i Haugdom kapell fredag 13.april kl 19.30.

Firkloveren og Sirdalskameratene blir med, og det blir òg allsong. Kollekt.

Vel møtt!

Sissel Agathe Bø



Vårkonsert med Blandakoret i Tonstad kyrkje

Sirdal Blandakor ønsker velkomen til vårkonsert **torsdag 3.mai kl. 19.00** i Tonstad kyrkje.

Det blir både korsong og allsong, og litt andre innslag. Vi trur det blir ein fin kveld der vi kan "syngje våren inn" i lag. Vel møtt!

Bildet er frå «Vi syng jula inn» like før jul.



Ny kyrkjetenar i Tonstad kyrkje

Etter 10 år som kyrkjetenar, fann Tone Marit Bjørnstad tida inne til å overlate stafettpinnen vidare til ein annan. Soknerådet er glad for at Ingve Nord-Varhaug søkte stillinga, og han tek over som kyrkjetenar i Tonstad kyrkje i midten av mars. Mange kjenner Ingve som dagleg leiar på Tonstadli i mange år. Han kjem frå Jæren, men har budd i Sirdal sidan sommaren 1997.

Reinholdsdelen av Tone Marit sin jobb, blir det Reda Staneviciene som overtek. Reda kjem frå Litauen, og bur på Liland. Ho har òg ansvar for reinholdet i Kvæve-moen kapell.

Soknerådet er svært glad for at både Ingve og Reda har takka ja til å overta etter Tone Marit. Vi vil samstundes nytte høvet til å takke Tone Marit for flott innsats gjennom mange år!



Ingve overtek som kyrkjetenar i Tonstad kyrkje etter Tone Marit, i midten av mars. Foto: Henning Huseby Jansen

Gløymt kontantar? Ingen problem! No kan du gi kollekt i alle kyrkjene våre med **VIPPS!**

Gåva du gir, går til det føremålet som er kunngjort i gudstenesta, og vert belasta bankkortet ditt (Visa eller MasterCard)

Du kan nytte appen **VIPPS**.

Appen kan lastast ned frå AppStore for iPhone og Google Play for andre telefonar. Du treng ikkje ha konto i DNB for å nytte **VIPPS**.

Slik gjer du for å installere VIPPS:

- Gå inn på AppStore el. Google Play
- Søk etter appen **VIPPS**
- **HENT, INSTALLER** og **ÅPNE**
- Følg bruksanvisninga, steg for steg

Slik kan du gi kollekt med VIPPS:

- Åpne appen, og slå **PIN-koden** din
- Trykk på + teiknet oppe til høgre
- Trykk **Send penger**
- Søk opp **namn på den kyrkja du er i**
- Skriv inn **beløp** du ønsker å gi
- Trykk **Neste** oppe i høgre hjørne
- Gjennomfør betalinga ved å trykke **Betale** nedst på skjermen

Takk for gåva!



Kyrkjevevja takkar av

Etter nøyaktig fem år takkar Henning Huseby Jansen av som kyrkjevevje i Sirdal i slutten av mars. Han kom frå teneste som skuleungdomsprest i Laget / ungdomsprest i Farsund. Nå er han klar for sokneprestjobb i Farsund.

Det er viktig for Henning å presisera at han ikkje søker seg frå jobben som kyrkjevevje, men til ein ny jobb. Han kunne godt tenkt seg å vore mykje lengre i Sirdal. Men det går færre «tog» etter som ein blir eldre, og nå følte han at det var hans tog som kom. Dessutan blei han også oppmoda om å søkja stillinga i Farsund.

- Eg er jo eigentleg prest, og har nok alltid sett for meg at eg på eit eller anna tidspunkt ville tilbake som prest, seier han sjølv.

Veldig interessant jobb!

Han var litt usikker på kva han gjekk til då han byrja som kyrkjevevje i Sirdal, sjølv om han tidlegare hadde arbeidd saman med kyrkjevevjer. Men det har gått endå betre enn han venta.

- Det har vore veldig interessant å jobba som kyrkjevevje, mellom anna fordi jobben er svært variert. Det er mange ulike arbeidsoppgåver, og ingen dagar er like. Oppgåvene spennar frå personalansvar, ansvar for kyrkjebygga, gravplassane, økonomi og mykje anna. Ein del av desse oppgåvene var nye for meg, og eg har lært mykje på desse åra.

Utfordrande med rekruttering

Det har vore utfordringar i jobben, mellom anna å finna folk til dei ulike funksjonane i kyrkja. No har han slett ikkje vore åleine om denne jobben, og det har heldigvis løyst seg godt med

Det har vore mange gleder i arbeidet. Henning syner til møte med menneske i samband med gravferder, frivillige i kyrkjelyden, og eit svært godt samarbeid med kommunen. Dette gjeld både politikarar og administra-



dugande arbeidarar både til reinhald, kyrkjetenararoppgåver, trusopplæring, kyrkjemusikk, og nå sist den nye kyrkjevevja som tek over i mai.

Oppsyn med kyrkjene er mellom oppgåvene til ein kyrkjevevje. Det er mykje teknisk utstyr i kyrkjene som skal vedlikehaldast og sjåast etter.

sjonen. Han nemner spesielt eit særst godt samarbeid med eining for kultur, som mellom anna gjer at ein saman kan gje ut bladet du no les i, «Kyrkje og kultur i Sirdal». Han gler seg òg over den positive utviklinga i ungdomsarbeidet med Trafo og skulelaget. Felleskyrkjeleg arbeid er òg framståande. «Eg kjem til å sakna Sirdal, og sirdølane!».

Likevel gler han seg til å ta fatt på prestegjeringa på ny, å møte menneske i alle livssituasjonar, i glede og i sorg. Han ser òg fram til å fokusera meir på å forkynna den gode budskapen om Jesus Kristus.

Kjære Henning: Me er så glade for dei åra du var her, og arbeidet du har

lagt ned for kyrkjelyden vår. Me ville gjerne hatt deg lengre hos oss, men har forståing for det valet du har teke. Så får du også vera nærare familien, og det unnar me deg! Så må du ha lukke og Guds signing over tenesta som sokneprest i Farsund!

Tekst og foto: **Sven-Egil Testad**



Den nye kyrkjeverja

Soknerådet tilsette 14.februar Yngve Bjørn Søyland som ny kyrkjeverje i Sirdal. Han byrjar i stillinga 15.mai. Yngve seier dette om seg sjølv:

«Jeg er 59 år og oppvokst i Bærum. Jeg bor på Vestre Åmøy og har vært kirkeverge i Rennesøy kommune i 9 år. Jeg har også hatt en periode som kirkeverge i Nordkapp kommune i Finnmark.

Min kjære kone heter Inger Kari og er fra Gjesdal. Hun jobber i Det norske misjonsselskap, NMS. Vi har leilighet på Kvæven og jeg gleder meg til å bli mer kjent med kommunen og menighetslivet i Sirdal. På fritiden trives jeg i fjellet, på golfbanen og med en kaffekopp med familie og gode venner».

Kyrkje og kultur vil kome attende med ein nærare presentasjon av den nye kyrkjeverja i neste nummer av bladet.



Vil du abonnere på «Kyrkje og kultur i Sirdal»? Les korleis her!

I bladet «Kyrkje og kultur i Sirdal» kan du lese om stort og smått som skjer i Sirdal, intervju med folk som bur her eller har budd her, du kan få vite meir om gardsnamn i dalen og når det skal vere gudsteneste i kyrkjene våre. Ordføraren har si eiga spalte, kva som går på kino eller når Tonstadbadet er ope - alt dette finn du i bladet.

Alle husstandar i Sirdal får bladet gratis tilsendt i posten. For andre er det mogleg å bestille bladet mot ein kontingent på kr 150,- pr år.

Då får du bladet fire gonger i året heim til deg, eller til hytteadressen din, det er opp til deg. Det er sjølvsagt og mogleg å bestille bladet som ei gåve til utflytta born eller andre.

For å bestille bladet, kan du ringe eller sende ein sms til 97633127, sende ein mail til post@sirdal.kyrkja.no eller sende brev til Kyrkje og kultur, Sirdal sokneråd, Pb 133, 4441 Tonstad.

Vi treng namn og adresse, og eventuelt namn på givar dersom det er ei gåve. **Velkomen som lesar!**



Aktuell kulturkveld i Sirdal kulturhus



Det blir ny kulturkveld **tysdag 10. april kl. 1900** på Sirdal kulturhus. Journalist og kommentator **Tom Magne Hetland** skal innleie om temaet "**Folkekyrkja si rolle i det moderne samfunnet**". Kva vil det seie å vere folkekyrkje, ikkje statskyrkje, i eit fleirkulturelt samfunn?

Hetland har vore redaktør i Stavanger Aftenblad og er no kommentator i avisa. Han er ein mykje brukt foredragshaldar.

På kulturkvelden vert det høve til spørsmål og samtale. Blandakoret blir med og syng, og det blir ei enkel servering. **Vel møtt!**

Kommentator Tom Magne Hetland. Foto: Stavanger Aftenblad

Friluftsgudsteneste med NATURLOSTUR

Kristi Himmelfartsdag 10.mai



På Sandvand i Gyland, i krysset mellom Fv 466 og Fv 42 heilt nord i Flekkefjord kommune, ligg eitt av dei mest interessante gardsanlegga i Vest-Agder. Det er Eilif Sandvand Galdal som eig garden, og gjestfri som han er, inviterer han til omvising og



Foto: Avisen Agder

tur i nærområdet. Dagen tek til med **friluftsgudsteneste** på tunet kl 11.00. Ta med stol. Skulle det bli dårleg vør, blir gudstenesta innomhus. Etter gudstenesta blir det **omvising** i langhuset, og deretter ein **gåtur** på om lag 3 kilometer i det flotte området kring Sandvand. Turen egner seg for alle, også med barnevogn. Ta med eigen mat og drikke. Det blir felles **matpause** i programmet.

Langhuset eller låna på Sandvand er over 40 meter langt og har heile 12 rom/funksjonar på rekke og rad: stove, forstove/kammers, kjøkken/bryggerhus, svol, fjøs for kyr, stall, sauefjøs, aggegolv/aggtrev, høyløe, låve, kornlåve og lagerrom. Den heilt spesielle bygninga er datert til slutten av 1820-åra. Sandvand-anlegget er freda, og det har vore gjort omfattande restaureringsarbeid her.

Vel møtt til ein spennande Kristi Himmelfartsdag 10.mai!

Soknerådsmøter i 2018

Soknerådet har normalt sju møter i året. Rådet tek opp mange viktige saker som mellom anna gjeld trusopplæring for barn og unge, kva organisasjonar som skal få takkoffer, drift og vedlikehald av dei fire kyrkjebygga våre, gravplassane, økonomi og rammene for dei tilsette i kyrkja.

Og mykje meir.

§9 i Kirkeloven seier at rådet *"skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet"*.

Møtene vert stort sett haldne på Kyrkesenteret kl 09.00, men av og til andre stader og tider. Møtene er åpne, og er i 2018

lagt på følgjande datoar: **24.januar, 14.februar, 14.mars, 2.mai, 13.juni, 5.september, 17.oktober og 28.november.**

Besøk frå misjonsprosjektet vårt i Spania

Soknerådet har søkt - og fått - midlar frå Bispedømerådet sine såkalla Sør-Nord-midlar. Pengane skal brukast til å styrke kontakten mellom kyrkja i Sirdal og misjonsprosjektet vi støttar i Spania. For to år sidan reiste ei gruppe på 16 frå Sirdal for å besøke prosjektet, og no er det altså tid for dei å koma til oss. Formålet med besøket er å styrke banda mellom oss, og gi kvarandre inspirasjon. Besøket vil finne stad **7-10.juni** i år. Det kjem fire personar frå Spania, mellom anna leiarane for arbeidet Mona og Hany (til høgre på bildet). Vi vil vise dei den fine plassen vi bur på, og det som er spesielt med Sirdal. Dei blir med på misjonsmøte fredag kveld på bedehuset, ungdomssamling med TRAFO på laurdag og misjonsgudsteneste i Tonstad kyrkje søndag føremiddag. Der vil NMS og soknerådet skrive under ei forlenging av misjons-avtalen med støtte til prosjektet. Det kjem meir om besøket i neste nr av K&K.



Verksemd på Tonstad bedehus

Mars

13.03-18.03 Møtveke IMF

Søndag 18. kl 19.30 Kveldsmøte

Torsdag 22. kl 19.30 Bønesamling

Søndag 25. kl 11.00 Familiesamling

April

Torsdag 5. kl 19.30 Bønesamling

Søndag 8. kl 19.30 Møte NLM

Torsdag 12. kl 19.30 Nattv.samling

Søndag 15. kl 19.30 Møte NMS

Tirsdag 17. Jentekveld

